

Fra: Endre Grande <egr@thommessen.no>
Sendt: 24. oktober 2013 10:46
Til: oddbjørn angelskår; Tor Hegle
Kopi: Kenneth Steffensen; Ordfører Lindås; Arne Eikefet
Emne: SV: Vedr: SV: Vedr: SV: Den forsvunne Kerrevegen på Midtgård-Leknes [THOMMESSEN-LIVE.FID267240]

Jeg beklager at jeg ikke har svart på den problemstilling Angelskår tok opp avslutningsvis om advokatrepresentasjonen.

Jeg skal her kommentere dette:

Jeg viser til det svar Tor Hegle gav i sin epost 29.juli pkt 3. Dette er etter vår oppfatning helt dekkende for det som passerte. Jeg vil tillegge:

Foranledningen til møtet var slik som redegjort for og det var klart for alle at vi to advokater fra Thommessen, representerte kommunen som kommunens advokater og var bedt om å møte for å evt. kunne gi råd i den nokså tilflokede situasjon som var oppstått.

Bakgrunnen for at vi var to, var at vi så for oss en problemstilling knytta til det avholdte tilsyn og oppfølging av dette (forholdet til lovverket, sanksjoner med mer) Den andre var knytta opp mot de inngrep, både med og uten avtaler, som var skjedd overfor grunneierne, uten at det var klart hvilke problemstillinger som kunne oppstå og hvem man måtte rette krav mot.

Slik møtet utviklet seg, ble det klart at den første problemstilling var en sak vi skulle bistå kommunen videre i. Ang den andre problemstilling, sa vi at vi kunne tilby at advokat Steffensen kunne bistå i forhold til utbygger, evt vegvesen med mer og forsøke å få på plass avtaler og erstatninger for grunn med mer.

Jeg mener også at jeg tydelig presiserte at vi som kommunens advokatforbindelse, ikke kunne ta evt. saker som hadde en side mot kommunen. Fra ordfører (mener jeg) det ble presisert at kommunen ville dekke advokatutgiftene til og med det aktuelle møtet, men at det som framover ville gjelde krav mot utbygger etc., måtte dekkes av oppsitterne selv. Jeg mener dette var bakgrunnen for at vi foreslo at hver enkelt skulle betale inn et beløp for det videre arbeid. (Senere har vi jo fått utbygger/andre til å dekke vesentlige deler av salæret som ledd i avtaler som er inngått.)

Grunneierne hadde så et separat møte og kom tilbake og meddelte at de ønsket vår bistand på de skisserte premisser.

Etter dette bisto jeg kommunen konkret ved oppfølging av tilsynet, men adv Steffensen begynte arbeidet med å nøste opp i de andre problemstillinger.

Jeg presiserer at vår bistand var et tilbud, ikke er krav/råd/anbefaling. Premissene mht betaling og hva vi kunne bistå med, mener jeg var klargjort før grunneierne tok stilling til tilbudet.

Endre Grande

Advokat (H) | Partner

Advokatfirmaet Thommessen AS

T: +47 55 30 61 21 | M: +47 90 82 78 25

egr@thommessen.no

THOMMESSEN

www.thommessen.no

Fra: oddbjørn angelskår [<mailto:oddbjorna@yahoo.no>]

Sendt: 23. oktober 2013 15:16

Til: Tor Hegle

Kopi: Kenneth Steffensen; Endre Grande; Ordfører Lindås; Arne Eikefet
Emne: Vedr: SV: Vedr: SV: Den forsvunne Kerrevegen på Midtgård-Leknes

Tor Hegle
Lindås Kommune

Den 22.august sendte vi ein e-post med nokre konkrete spørsmål som vi ynskjer svar på. Vi kan ikkje sjå at vi har mottatt noko svar på denne e-posten. Vi har no fått opplysningar frå Fløssvika AS om at reguleringsplan for dette området vil bli innlevert om kort tid. Vi ber derfor venleg om svar på dei spørsmåla vi har.

Med venleg helsing

Oddbjørn og Karianne Angelskår

Den Torsdag, 22. august 2013 3.59 skrev oddbjørn angelskår <oddbjorna@yahoo.no>:
Hei

Me vil takka for tilbakemelding frå Tor Hegle.
Men me vil nok ein gong vere så frimodige å be om å få klare svar på desse punkta.
[Me bruker inndelinga knytt til punkta som tidlegare.](#)

1.Har Lindås Kommune gjort eit lovleg vedtak då dei godkjende den delen av vann og avløpstraseen som ligg på nedsida av Leknesvegvegen?

2.Har Kommunen, når dei etter meir en tre år ikkje har fått Entreprenør/grunneigar til å ordna opp i punkt D-E-F-H i rapporten, noko ansvar for å ordna opp?
Eller er det fritt fram for ny grunneigar til å regulera og bygga/benyttja seg av dei ulovelige tiltaka som er gjort?

3.Me kan vel berre konstatere at me ikkje deler Tor Hegle si oppfatning om korleis advokatvalget fann stad. Me vil gjerne høyra Advokat Grande/Steffensen si oppfatning av dette? Korleis kunne eit og same advokatkontor ta på seg å representere to ulike aktørar i ei og same sak? Dette har gjort det vanskeleg for oppsitjarane å ta opp saker som gjeld Lindås Kommune si rolle i denne saka. Dette ynskjer vi og svar på frå advokat Grande.

MVH
Oddbjørn og Karianne Angelskår

Fra: Tor Hegle <Tor.Hegle@lindas.kommune.no>
Til: oddbjørn angelskår <oddbjorna@yahoo.no>
Kopi: "kst@thommessen.no" <kst@thommessen.no>; "egr@thommessen.no" <egr@thommessen.no>;

Ordfører Lindås <ordforar@lindas.kommune.no>; Arne Eikefet <Arne.Eikefet@lindas.kommune.no>

Sendt: Mandag, 29. juli 2013 15.41

Emne: SV: Vedr: SV: Den forsvunne Kerrevegen på Midtgård-Leknes

Hei.

Eg takkar for tilbakemeldinga.

Nokre av kommentarane inneheld nye førespurnader som er retta til fleir.

Eg kan ikkje svare for andre sine ansvarsområder, men vil igjen prøve å svare på nokre av førespurnadene som eg oppfattar er retta til meg.

Eg bruker inndelinga knytt til punkta som tidlegare.

Om 1. Etablering av leidningsanlegg på Gbnr.196/4.

Eg ber om orsaking for feil opplysningar frå meg tidlegare, då eg på di oppmoding no ser at leidningstracèen ikkje er vist på det reguleringskartet som ligg ute på nettet. Den har tidlegare vore vist på eit reguleringskart der reguleringa for Midtgård-Leknes var teikna inn - i eit stort papirformat som vart lagt fram for politikarane. Reguleringa var avhengig løyve om utslepp.

Etableringa av leidningsanlegget er knytt til to saker;

Ei utsleppssak knytt til utslepp frå reinseanlegg – og – ei byggesak knytt til VA-anlegget for Midtgård Leiknes gbnr 196/4 m.fl.

Utsleppssaka.

Søknad om utsleppsløyve kom inn til kommunen 11.12.09. Saken vart kunngjort med offentlig ettersyn i lokalavisene 17.02.10., med tilgang til alle kart og teikningar som viser heile anlegget. Kommunen ga utsleppsløyve 14.06.10. Vedlagt følgjer kopi av utsleppsløyvet.

Byggesaka.

Søknad om ramme- og igangsettingsløyve for VA-anlegg kom inn til kommunen 11.12.09. Til saken kom inn merknader. Kommunen ga ramme – og igangsettingsløyve 15.01.10. Vedlagt følgjer kopi av byggeløyvet.

Om 2. Tilsynsrapporten.

Kommunen har i samsvar med lovverket ført tilsyn med føretaket. Ansvaret for retting ligg hos føretaket.

Der føretaket er gått konkurs har kommunen i utgangspunktet ikkje nokon andre å rette kravet mot.

Som følgje av ressursknapphet, bad kommunen om bistand frå sin advokat for å følgje opp tilsynet.

I sin oppfølging har advokaten, mellom anna, retta førespurnad til grunneigar/utbyggjar om å hjelpe til med rydde opp i skadeverket graveentreprenøren gjorde.

Grunneigar har rydda i nokre av forholda gjennom sin advokat.

Som tidlegare meldt er det vanskeleg for kommunen å gå inn i privatrettslege hendingar.

Den avgravde «kjerrevegen» er ei slik privatrettsleg hending der entreprenøren ikkje har retta opp skade på privat eigedom.

Skaden er skjedd på grunneigar/utbyggjar sin eigedom, men har fått konsekvensar for tilkomstretten for ein brukar på naboeigdommen.

Løysing av privatrettslege forhold må løysast mellom dei private partane.

Om 3. Advokat frå same advokatkontor.

Det var ei rekke ulike førespurnader og klager til ordføraren som førte til at ordføraren tok initiativ til eit møte med oppsittarane for å hjelpe dei.

Kommunen betalte oppmøtet frå advokaten på møtet. Advokaten var invitert for å hjelpe med enkle generelle råd til oppsittarane på bakgrunn av dei mange førespurnadene og klager på skader som

graveentreprenøren hadde utført. Møtet var soleis utan kostnader for oppsittarane som elles møtte på fri basis. Kommunen har ikkje oppmoda oppsittarane til å velje kommunen sin advokat. På møtet var det oppsittarane sjølv, etter samtalar seg imellom, som tok initiativ til å rette førespurnad til denne advokaten om å ta på seg eit fellesoppdrag for oppsittarane.

Advokatforetaket brukte to ulike advokatar på saken. Den eine ivaretok kommunen sine byggesaksinteresser i tilsynssaka, medan den andre ivaretok dei skadelidne private grunneigarane i forhandlingar - mot grunneigaren på Gbnr 196/4 sin advokat.

Anna.

Det kjem ikkje fram i førespurnaden kva detaljar som frå deg er venta avklart før eventuell ny regulering. Det er vanleg at ein utbygger avklarar alle privatrettslege forhold knytt til privat eigedom ved ei regulering.

Dersom du er opptatt av at dine private tilkomstrettar vert ivaretatt i ny regulering, bør du ta dette opp med utbygger.

Med helsing
Tor Hegle

Fra: oddbjørn angelskår [\[mailto:oddbjorna@yahoo.no\]](mailto:oddbjorna@yahoo.no)

Sendt: 4. juli 2013 23:57

Til: Tor Hegle

Kopi: kst@thommessen.no; egr@thommessen.no; Ordfører Lindås; Arne Eikefet

Emne: Vedr: SV: Den forsvunne Kerrevegen på Midtgård-Leknes

Hei

Me har sendt denne e-post til fleire i Lindås Kommune fordi me ikkje veit kven som har ansvar for dei ulike spørsmåla i e-posten.

Me ønsker å kommentere svar/kommentarar til dei 3 punkta me har fått frå Tor Hegle.

1. I [Arealplankart \(Ver: 1 Dato: 12.10.2007 Prosess: Vedtak i kraft\)](#) er ikkje vann og avløpstraseen på nedsida av Leknesvegen tegna inn. Dei nye eigarane av området seier dei enno ikkje har levert inn forslag til reguleringsplan til Lindås kommune.

Derfor lurar me framleis på om Kommunen kunne godkjenne den delen av vann og avløpstraseen som ligg på nedsida av Leknesvegen ihht. loverkerket?

Dersom dei opplysningane me har er feil, send oss gjerne reguleringsplanen som gjeld der vann og avløpstraseen går på nedsida av Leknesvegen.

2. Vil minna om at det er meir en **tre år** frå tilsyn vart utført (10.02.2011) og til det vart opna konkurs for foretaket(24.04.2013) og punkt D-E-F-H i rapporten er ikkje retta opp i.

Kven har ansvar for å retta opp i desse punkta? Er det ny eigar eller er det kommunen?

3. Me opplevde at kommunen tilbydde/anbefalte oss å bruka advokatfirmaet Thommesen, då både advokat Grande(kommunens advokat) og Steffensen (oppsittjaranes avokat)

var invitert av kommunen til møtet og tilbydde sine tjenester. Me finn det beklageleg at verken Lindås kommune eller advokatfirmaet Thommesen, som profesjonelle partar, ikkje såg at dette kunne ha uheldige konsekvensar for dei private oppsittjarane.

Me håpar at Lindås kommune og ev. advokatfirmaet Thommesen vil være med å bidra til at me får klare svar på spørsmål og ansvarsforhold i denne saka. Dette håpar me å få svar på før ev. regulering og bygging i området.

MVH

Oddbjørn og Karianne Angelskår

Fra: Tor Hegle <Tor.Hegle@lindas.kommune.no>

Til: oddbjørn angelskår <oddbjorna@yahoo.no>

Kopi: "kst@thommessen.no" <kst@thommessen.no>; "egr@thommessen.no" <egr@thommessen.no>; Ordfører Lindås <ordforar@lindas.kommune.no>; Arne Eikefet <Arne.Eikefet@lindas.kommune.no>

Sendt: Tirsdag, 4. juni 2013 17.06

Emne: SV: Den forsvunne Kerrevegen på Midtgård-Leknes

Hei.

Eg takkar for førespurnaden din.

Sidan førespurnaden din er sendt til fleire adressatar samtidig, er eg usikker på kven av oss du vil skal svare deg.

Førespurnaden trekk fram eit breitt sakskompleks, og det kan vere vanskeleg å ta opp igjen alle detaljar no i ettertid.

Eg har fått meldingar frå den entreprenøren som har overtatt å ferdigstille dei ulike arbeida på staden, om at ein no etter kvart har fått retta opp dei fleste manglane.

Vidare har eg fått tilbakemelding om at advokatane har bidratt til å finne gode løysingar.

På bakgrunn av alle tilbakemeldingane, vart eg litt usikker på korleis eg skulle svare på denne førespurnaden.

Førespurnaden målberer ulike sider som ikkje er presisert i førespurnaden.

Eg prøve her å svare på noko.

Kopi av denne eposten vert derfor sendt dei andre til orientering.

Om pkt.1. Etablering av avløpstrasse.

Avløpstrassen er vist i reguleringsplankartet som godkjent av kommunestyret.

Utbygginga av avløpsleidningen har følgd den godkjente reguleringsplanen.

Om pkt.2. Tilsynsrapporten.

Vi har fått melding om at det aktuelle føretaket er konkurs, og har soleis ikkje ført tilsynet vidare i saka.

Vi har vidare fått melding om at nokre av dei feil- og manglar som vart forårsaka av graveentreprenøren, er retta opp av tiltakshavar - dels gjennom private avtalar som advokatane har hjelpt til med.

Om pkt.3. Advokat frå same advokatkontor.

På oppmoding frå oppsittarane inviterte ordføraren til eit orienteringsmøte, der mellom anna kommunen sin advokat møtte.

I møtet vart oppsittarane informert om tilhøva. På grunn av ulike private interesser, valde oppsittarane sjølv å bruke advokat.

Kommunen sin administrasjon kan ikkje gå inn i privatrettslege spørsmål. Dette vart også opplyst på møtet.

Mvh
Tor Hegle

Fra: oddbjørn angelskår [<mailto:oddbjorna@yahoo.no>]

Sendt: 31. mai 2013 05:36

Til: Ordførar Lindås; sveinung.toft@lindas.kommune.no; Arne Eikefet; Tor Hegle

Kopi: kst@thommessen.no; egr@thommessen.no

Emne: Den forsvunne Kerrevegen på Midtgård-Leknes

Til Lindås kommune

Historien om den forsvunne kjerrevegen

Den 01.10.04 sendte me inn kommentarar til reguleringsplan Midtgård/Leknes for å gjera kjent div. rettigheter i området som var ønska regulert, blant anna ein kjerreveg me har vegrett på.(vedlegg 1.)

Etter mykje om og men, og innspel/krav frå plan og miljøutvaet og fylkesmannen (vedlegg 2.), vart området der kjerrevegen går, tatt ut av reguleringsplanen og reguleringsplanen vart godkjent 14.06.2007

11.12.2009 fekk utbyggjar godkjent ein vann og avløpstrase som følgjer planlagt fremtidig adkomstveg gjennom området som var tatt ut av reguleringsplanen (utan at me vart nabovarsla denne gongen).

Denne fremtidige vegtraseen kryssa kjerrevegen.(vedlegg 3 og 4.)

Når me såg at arbeidet med VA vegen byrja, store delar av kjerrevegen vart fjerna og det vart byrja på ein ny veg ned mot vårt hus, tok me kontakt med Kommunen pr. telefon og E-post. 28.10.2010. I svaret frå Knut Bjørnevoll står det:” *Den påbegynte stikkvegen ned mot eigedommen skal fjernast, forhåpentligvis i dag*”. Denne vegen har aldri vorte fjerna, berre dekkja til med jord.

Etter dette har det vore mange møter, telefonar og e-postar. Det er og mange andre i området som vart berørt pga. skader som oppsto i samband med annleggsarbeidet i området.

Dette førte til at Ordføraren inviterte til eit møte på kommunen 05.10.2011, der Kommunen hadde invitert Advokat Grande frå advokatfirmaet Thommesen til å orientere om saka.

Kommunen orienterte og om at dei hadde hatt tilsyn med ansvarleg utførande for annleggsarbeidet, og delte ut kopi av tilsynsrapporten. (vedlegg 5.)

På møtet var også advokat Kennet Steffensen, som arbeider i same advokatforma som advokat Grande. Etter dette møtet er det advokat Seffensen som har representert 10 oppsitjarar i saka(saka er enno ikkje avslutta).

Eg har ved fleire høve spurt begge advokatane(Grande og Steffensen) om dei kan ta opp spørsmål angående Lindås kommune sitt ansvar i saka. Først fekk eg nokre utydelige svar. Seinare sa dei at dei ikkje kan ta opp spørsmål som gjeld kommunen sidan begge partar er representert av same advokatkontor(Thommesen).

Som erstatning for den forsvunne kjerrevegen har det blitt grusa ein gangsti oppå den jordtildekte, påbegynte stikkvegen som kommunen har bedt utbyggjar å fjerne. Er dette ein løsing kommunen har godkjent?

Med bakgrunn i denne historien har me nokre spørsmål som eg ynskjer svar på.

1. Korleis kunne utbyggjar få godkjent ein vann og avløpstrase / framtidig adkomstveg i eit område avsett til bustadføremål utan at det førelåg ein godkjend reguleringsplan?

("Av føresegnene til arealdelen går det i punkt 1.1 fram at det er krav om reguleringsplan i byggeområda før bygging og deling kan gjennomførast". Dette er svaret me har fått på ein søknad i same området.)

2. Kvifor er det ikkje ordna opp i mange av punkta i tilsynsrapporten?

3. Korleis kunne det skje at Lindås kommune tilbyr oppsitjarane ein advokat frå same advokatkontor som Lindås kommune sjølv nyttar?

Dette gjev ikkje oppsitjarane høve til å ta opp saker som gjeld Lindås kommune si rolle i denne saka.

Spørsmålet er ikkje meint som ein kritikk til arbeidet Kennet Steffensen har gjort for oppsitjarane i forhold til Ivar Opsal-Svein Arvid Andersen.

Me veit ikkje kven i Lindås kommune som kan svare oss på dette brevet. Men håpar at de som mottek dette brevet kan sørge for at rette vedkomande får brevet slik at vi kan få eit svar.

Vi ser fram til å høyre frå dykk.

MVH

Oddbjørn og Karianne Angelskår

<end of original message>

This communication is intended for the person(s) named above only. It may contain information that is confidential or legally privileged.

If received in error, please delete it from your system and notify our IT department by telephone No +47 23 11 11 11.

Advokatfirmaet Thommessen AS
Vestre Strømkaaien 7, NO-5008 BERGEN
PO Box 43 Nygårdstangen, NO-5838 BERGEN, Norway
Tel +47 55 30 61 00 Fax +47 55 30 61 01.
Foretaksregisteret NO 957 423 248 MVA
<http://www.thommessen.no>
